



Veterinær Svein Rimestad, her på Ulvanåso, har enno ikkje fått analyseresultata for den daude hjortekolla. (Foto: Kjell Yri).

Inntil måndag hadde ikkje veterinær Svein Rimestad fått noko svar frå Veterinærinstituttet i Oslo på kvifor tre hjortar har døydd i same område i Uskedalen. Han obduserte den sist funne kolla for ei veke sidan og sendte inn hovud og vitale organ. Så langt har han gissa på at hjernehinnebetennelse kan vera grunnen. Det er ikkje uvanleg blant sau på denne årstida.

Den første daude hjorten, ein kalv, var funnen for eitpar månader sidan og nokre veker seinare vart ei kolle funnen daud i det same området. Sist helg fann folk ei ny daus kolle, på den same eigedomen og i det same området. Ingen av dei tre dyra hadde synlege skader. Det var difor ingenting som tyda på at noko ulovleg hadde funne stad.

Mattilsynet vart varsla og dei kontakta Veterinærinstituttet, som ville ha prøver av den sist funne kolla. Under obduksjonen fann Rimestad blod i ryggmarg-kanalen og det er difor han har ein teori om hjernehinnebetennelse.

Til Kvinnheringen seier han at det ved moderne forhausting er lett å få bakteriar med seg i siloballane. Får ein i tillegg dårleg gjæring, kan desse vera ei mogleg smittekjelde. Hjort kan lett forsyne seg av siloballar som ligg ute.

Hjernehinnebetennelse hos dyr kan vera smittsam, ikkje minst blant sauer. Det har då også vore fleire tilfelle av hjernehinnebetennelse på sau i området i vinter, men det er ikkje nokon dramatik i det. Hjernehinnebetennelse hos sau er vanleg alle stader.

Men denne sjukdommen på hjort har han ikkje vore borti før.

Av Ola Matti Mathisen



Tre daude hjortar som er funne i Uskedalen kan tyde på hjernehinnebetennelse. (Foto: Ståle Eik)